



## DELÅRSRAPPORT 4. kvartal 2011

Voss, 17. januar 2012  
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)



---

Delårsrapport 4. kvartal 2011



# FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2011

## FRAMLEGG OM 40 KR I UTBYTTE

Styret i Voss Veksels- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2011. Innteninga på ordinær bankdrift er god. Medan tala for 2010 var positivt påverka av fleire eingongspostar, manglar slike i 2011. Vidare var avkastninga på banken sine finansplasseringar positive i 2010, medan ein for 2011 går omtrent i null. Allikevel bokfører banken eit resultat før skatt på 25,1 mill. kr, mot 28,9 mill. kr året før. Resultatet utgjer 0,83% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 1,02% for 2010. Etter skatt er resultatet i år 17,3 mill. kr, mot 21,1 mill. kr. i 2010, som i % av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer 0,57%, mot 0,74% i 2010.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala 40 kr i utbytte pr. aksje for 2011.

Sjølv med sterk konkurranse om kundane, noko som set press på rentemarginen, og framleis høge fundingkostnader, opplever banken ei god utvikling i den ordinære bankdrifta. Veksten siste året er i utlåna 9,9%, innskota 8,8% og rådveldekapitalen 8,8%. Veksten skuldast gode og stabile tilhøve i nærmarknaden vår. Satsinga vår på å vera ein menneskeorientert bank med lite gebyr og høgt servicenivå, har resultert i god tilgang på nye kundar. Vidare har distribusjonsavtalen med Terra Forsikring komplettert produkt- og tenestespekteret vårt. Vi leverer gode totalprodukt, noko kundane set pris på.

Vi bokfører netto rente- og kreditprovisjonsinntekter ved utgangen av 2011 på 64 mill. kr, ein auke på 7,0 mill. kr i forhold til 2010. Rentenettoen i 2011 er auka til 2,12% av gjennomsnittleg rådveldekapital, frå 2,00% i 2010.

Hovudindeksen på Oslo Børs er redusert med omlag 13% i løpet av 2011. Totalt vart resultatet av bokført netto utbytte, vinst og verdiendringar på verdipapir i handelsporteføljen 0,0 mill. kr, mot inntektsføring på 8,9 mill. kr i fjor.

På finansielle eignelutar klassifisert som tilgjengeleg for sal med verdiregulering over eigenkapitalen (obligasjonar og anleggsaksjar) er verdiauknen i 2011 bokført til 0,1 mill. kr, mot verdireduksjon på 3,4 mill. kr i 2010.

Total driftskostnader er auka med 4,3 mill. kr til 40,5 mill. kr, noko som er i underkant av budsjettet for 2011. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane i 2011 1,34% mot 1,27% i 2010.

I 2011 bokfører banken nedskrivningar på utlån og garantiar med 2,5 mill. kr, mot 6,3 mill. kr i 2010. Av kostnadsføringa skriv 2,75 mill. kr seg frå auke i nedskrivningar på grupper av utlån. Konstaterte tap i 2011, som tidlegare er nedskrive, utgjer 5,1 mill. kr, mot 3,2 mill. kr i 2010. Summen av misleghaldne og netto tapsutsette engasjement i prosent av brutto utlån har vorte redusert frå 2,97% til 2,43%. Styret føler seg trygg på at nedskrivингane som er føreteke på utlån er tilstrekkelege, ut frå den risiko som ligg i engasjementa. Samla individuelle nedskrivningar på utlån utgjer 1,0% av brutto utlån, i tillegg utgjer gruppevise nedskrivningar 0,6%.

Den jamne gode veksten i rådveldekapitalen held fram. Auken i år er på 258 mill. kr, eller omlag 8,8%, og rådveldekapitalen pr. 31.12.11 er 3.181 mill. kr.

Veksten i innskota i 2011 er banken særslig nøgd med. Innskot frå kundar har auka med 170 mill. kr til 2.103 mill. kr, eller 8,8%. Innskot utgjer 79,3% av brutto utlån, mot 80,1% ved førre årsskiftet.

Samla utlån til kundar har passert 2,5 mrd. kr, og ved utgangen av 2011 er brutto utlån til kundar 2.651 mill. kr mot 2.412 mill. kr i fjor, ein vekst i år på 239 mill. kr eller 9,9%. Den gode veksten i utlåna syner at banken sjølv med stor konkurranse i marknaden, har vilkår som kundane våre finn tenlege.

Resultatet for 2011 fører til at banken styrker eigenkapitalen med 17,3 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 293 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 18,78%.

Ved børsslutt 31.12.11 var kurseren på banken sine aksjar 2.250 kr. Resultat i år utgjer 182 kr pr. aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 3.083 kr.

I bygda vil det framleis vera god aktivitet. Fyrste del av "Vossapakko" er ferdig, men det står mykje att av tiltakspakkene som styresmaktene sette i verk. Byggjeaktiviteten held seg oppe, med mange nye fritidsbustader i Bavallen. Det same skjer i Myrdalen, som òg byggjer stort hotell. Tilreisande til bygda gjev positive ringverknader. Forbruket held seg på eit høgt nivå og investeringslysta er aukande blant verksemndene.

I 2011 har banken gjennomført ein strategiprosess på korleis vi best kan halda fram med å vera sjølvstendig – "vera herre i eige hus" – samtidig som vi skal kunna tilby konkurransedyktige produkt og tenester til beste for kundane. Denne prosessen resulterte i at banken inngjekk ein intensjonsavtale med Terra-Gruppen i november.

Terra-Gruppen er ein allianse eigd av 77 sjølvstendige sparebanker og OBOS (Oslo Bustad- og Sparelag). Vekselsbanken er den første forretningsbanken som vert medlem av alliansen. Banken er trygg på at dette samarbeidet vil vera ein styrke for oss frametter. Terra-Gruppen leverer tenester og produkt som våre kundar etterspør. Vi kjenner vårt marknadsområde godt, og er soleis veldig lik majoriteten av Terra-bankane i si tilnærming til den lokale marknaden. Banken ser valet av Terra-Gruppen som framtidsretta for våre kundar og eigarar.

Vi gler oss til NM på ski på Voss i slutten av januar og NM hopprenna i Bavallen i mars. Vidare ser vi med stor iver fram til Landsskyttarstemnet i august samt til VM i Freestyle neste vinter. Desse arrangementa skapar entusiasme og liv i bygda vår. Banken har tildelt arrangementa store midler, samstundes som vi er aktive i finansieringa av anlegga. Dette vil koma heile bygda til gode i mange år framover.

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2011

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksels- og Landmandsbank ASA syner eit resultat før skatt i 4. kvartal på 8,7 mill. kr mot 7,5 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Resultatet tilsvrar 1,12% i år, mot 1,03% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Etter skatt er resultatet 6,9 mill. kr, mot 4,9 mill. kr i same kvartal i fjor. Dette tilsvrar 0,89% i år og 0,67% i fjor av GFK i kvartalet. Resultatforbetringa skuldast i stor grad god utvikling i den ordinære bankdrifta og reduksjon i tapsnedskrivingar.

Pr. 31.12 er resultatet før skatt på 25,0 mill. kr, mot 28,9 mill. kr i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital(GFK) utgjer dette 0,83% i år mot 1,02% i fjor.

## RENTEMARGIN

I 4. kvartal er rentemarginen auka med 2,4 mill. kr til 16,6 mill. kr, samanlikna med 4. kvartal i fjor. I % av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet er rentemarginen auka frå 1,96% til 2,13%.

Sjølv med stor konkurranse i rentemarknaden og reduserte marginar på banken sin overskotslikviditet, har netto rentemargin ved utgangen av året auka med 7,0 mill. kr til 64,0 mill. kr. Rentemarginen ved utgangen av året i % av GFK har auka frå 2,00% i fjor til 2,12% i år. Auken i rentemarginen skuldast god vekst i utlåna saman med god tilgang av nye kundar, noko banken er særskilt godt nøgd med.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Utviklinga på Oslo Børs har vore positiv i 4. kvartal, og banken har difor inntektsført verdiendringar på verdipapirporteføljen med 2,8 mill. kr, mot 1,6 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Største delen av verdiendringa er ikkje realisert.

For året under eitt er det samla bokført 0,0 mill. kr i realisert vinst/tap, netto utbytte og verdijusteringer, mot inntektsføring på 8,9 mill. kr for i fjor.

## DRIFTSKOSTNADER

I 4. kvartal i år er samla driftskostnader 10,1 mill. kr, mot 8,9 mill. kr i 4. kvartal i fjor. I % av GFK i kvartalet er driftskostnadane på 1,29%, mot 1,23% i fjor.

Ved årsskiftet er driftskostnadane på 40,5 mill. kr, mot 36,2 mill. kr 31.12.10, noko som er i underkant av budsjettet for i år.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken tapsført 1,5 mill. kr, mot 2,6 mill. kr i fjor. Samla for året er det tapsført 2,5 mill. kr, mot 6,3 mill. kr i fjor. Sjå eigen note om bokførte tap på utlån.

Samla netto misleghaldne og tapsutsette engasjement ved utgangen av 4. kvartal i 2011 er redusert med 7,1 mill. kr til 64,4 mill. kr samanlikna med kvartalsskiftet i fjor. I % av brutto utlån utgjer dette 2,43% pr. 31.12.11, mot 2,97% pr. 31.12.10.

## RÅDVELDEKAPITAL

I 4. kvartal er rådveldekapitalen auka med 103 mill. kr eller 3,4%.

For året sett under eitt har rådveldekapitalen auka med 258 mill. kr, eller 8,8%, til totalt 3.181 mill. kr.

## **INNSKOT**

Innskotsveksten er framleis god, og i 4. kvartal er innskot frå kundar auka med 114 mill. kr, eller 5,7%.

Pr. 31.12.11 er innskot frå kundar på 2.103 mill. kr mot 1.933 mill. kr pr. 31.12.10, ein vekst på 170 mill. kr, eller 8,8%. Innskotsdekninga frå kundar held seg stabilt, og var ved kvartalsskiftet 79,3% av brutto utlån, mot 80,1% på same tid i fjar.

## **UTLÅN**

Banken opplever god vekst i utlåna, og i 4. kvartal har brutto utlån til kundar auka med 88 mill. kr eller 3,4%.

Ved utgangen av året er brutto utlån til kundar 2.651 mill. kr mot 2.412 mill. kr i fjar, ein vekst på 239 mill. kr eller 9,9%.

## **EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING**

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 361 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 18,78%. Kjernekapitalen er samstundes 301 mill. kr, eller 15,66%. I høve til minimumskrava er overdekninga 207 mill. kr.

## **REVISJON**

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## **REKNESKAPSPrINSIPP**

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS. Samanlikningstala er omarbeidd i samsvar med krava i IFRS. Dei rekneskapsmessige endringane i samband med overgang til IFRS-reglane er omtalt og forklart i eit eige overgangsdokument. Overgangsdokumentet inneholder og ei opplisting av rekneskapsprinsippa som er lagt til grunn. Overgangsdokumentet er publisert i eiga børsmelding 27.04.11, og ligg som eige dokument på banken sine heimesider.

## **UTSIKTENE FOR 2012**

Styret meiner at banken med sin solide eigenkapital, sin gode fundingsituasjon, dei solide tapsavsetjingane og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Vi forventar ein moderat reduksjon i rentene i løpet av første halvår og at dei vil halde seg stabile ut året. Sjølv med utsikter om ein svak økonomisk vekst globalt, er investeringsklimaet framover interessant.

Kontaktpersonar: Banksjef Jan Arveschoug eller ass. banksjef Einar Larsen tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

	4. kv. 11	4. kv. 10	Alle tal i hele NOK 1.000 31.12.10	31.12.09
Renteinntekter og liknande inntekter	35.234	30.160	133.247	116.883
Rentekostnader og liknande kostnader	18.633	15.990	69.276	59.926
<b>Netto rente- og kreditprovisjonsinntekter</b>	<b>16.601</b>	<b>14.170</b>	<b>63.971</b>	<b>56.957</b>
Utbryte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	2.729	2.655	6.159
Provisjonsinntekter og inntekter fra banktenester	1.170	1.550	5.375	6.258
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-533	-524	-2.083	-2.024
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidler	2.894	1.579	-2.636	2.735
Andre driftsinntekter	262	256	819	757
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>3.793</b>	<b>5.590</b>	<b>4.130</b>	<b>13.885</b>
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>20.394</b>	<b>19.760</b>	<b>68.101</b>	<b>70.842</b>
Løn og generelle administrasjonskostnader	7.991	6.879	31.975	28.864
Ordinære avskrivinger	617	416	2.389	1.544
Andre driftskostnader	1.467	1.614	6.176	5.762
<b>Sum kostnader</b>	<b>10.075</b>	<b>8.909</b>	<b>40.540</b>	<b>36.170</b>
<b>Resultat før tap</b>	<b>10.319</b>	<b>10.851</b>	<b>27.561</b>	<b>34.672</b>
Tap på utlån, garantiar m.v.	1.544	2.664	2.469	6.329
Nedskriving/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidler	0	696	0	-570
<b>Netto tap og avskrivinger</b>	<b>1.544</b>	<b>3.360</b>	<b>2.469</b>	<b>5.759</b>
<b>Resultat før skatt</b>	<b>8.775</b>	<b>7.491</b>	<b>25.092</b>	<b>28.913</b>
Skatt på ordinært resultat	1.847	2.598	7.787	7.748
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>6.928</b>	<b>4.893</b>	<b>17.305</b>	<b>21.165</b>
<b>Andre inntekter og kostnader</b>				
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	-37	1.260	139	-3.720
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-1	-48	-50	-342
<b>Sum andre postar</b>	<b>-38</b>	<b>1.212</b>	<b>89</b>	<b>-4.062</b>
<b>Totalresultat</b>	<b>6.890</b>	<b>6.105</b>	<b>17.394</b>	<b>17.103</b>
Resultat pr. aksje	72,93	51,51	182,16	222,79
Utvatna resultat pr. aksje	72,93	51,51	182,16	222,79

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

**31.12.11** 31.12.10 ▾ 01.01.10

### EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	164.680	75.348	109.290
Utlån til og fordringar på kreditinstitusjonar	26.206	16.349	8.073
Netto utlån og fordringar på kundar	2.609.003	2.367.339	2.183.355
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	281.346	325.403	281.163
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	50.210	96.786	119.895
Usett skattefordel	0	0	79
Finansielle derivat	0	0	0
Varige driftsmidlar	37.705	30.939	31.083
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	11.642	11.167	11.782

### SUM EIGNELUTAR

**3.180.792** 2.923.331 2.744.720

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kreditinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.103.353	1.932.789	1.773.334
Obligasjons- og sertifikatgjeld	666.191	597.213	646.868
Finansielle derivat	501	471	127
Usett skatt	2.216	2.258	0
Anna gjeld	15.722	11.725	13.685
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	8.929	6.162	8.149
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.518	7.130	9.403
Ansvarleg lånekapital	84.440	84.898	25.000
<b>Sum gjeld</b>	<b>2.887.870</b>	<b>2.642.646</b>	<b>2.476.566</b>

### EIGENKAPITAL

#### Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-15	-6	-13

#### Sum innskoten eigenkapital

<i>Opptent eigenkapital</i>	<b>9.485</b>	<b>9.494</b>	<b>9.487</b>
-----------------------------	--------------	--------------	--------------

#### Annan eigenkapital

Sum opptent eigenkapital	<b>283.437</b>	<b>271.191</b>	<b>258.667</b>
--------------------------	----------------	----------------	----------------

#### Sum eigenkapital

<b>Sum eigenkapital</b>	<b>292.922</b>	<b>280.685</b>	<b>268.154</b>
-------------------------	----------------	----------------	----------------

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

**3.180.792** 2.923.331 2.744.720

Garantiansvar	34.869	34.926	35.379
Pantsetjingar	67.395	102.132	55.000
Eigenkapitaldekning	18,78 %	18,97 %	15,18 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.016.305	2.817.491	2.628.717

Voss, 17.01.12

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Jorunn Lødemel  
styreformann

Dagfinn Gjøstein

Åse-Karin Tennebekk

Bjørg Knapstad

Norvald Fretheim

Jan Arveschoug  
banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivingar  
 Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar  
 Endring i gruppevise nedskrivingar  
 Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for  
 Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for  
 Inngang på tidegare avskrivne tap  
**Sum tap i perioden**  
 Sum tap gjeld tap på utlån.

	Alle tal i heile NOK 1.000	31.12.10	31.12.09
<b>31.12.11</b>	<b>31.12.10</b>	<b>31.12.09</b>	
-4.518	-566	253	
-130	1.295	-619	
2.750	2.500	1.000	
5.119	3.238	3.436	
2	0	10	
-754	-139	-118	
<b>2.469</b>	<b>6.328</b>	<b>3.962</b>	

### Mislegaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto mislegaldne lån  
 Individuelle tapsnedskrivingar  
**Netto mislegaldne lån**  
 Andre tapsmerka engasjement  
 Individuelle tapsnedskrivingar  
 Netto tapsutsette ikkje mislegaldne lån  
**Netto tapsutsette engasjement**

27.528	23.581	27.031
3.285	7.228	5.473
<b>24.243</b>	<b>16.353</b>	<b>21.558</b>
62.716	78.420	73.308
22.530	23.199	24.511
<b>40.186</b>	<b>55.221</b>	<b>48.797</b>
<b>64.429</b>	<b>71.574</b>	<b>70.355</b>

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån  
 Amortiseringseffekt individuelle nedskrivingar  
 Individuelle nedskrivingar / spesifiserte avsetjingar  
 Gruppevise nedskrivingar / uspesifiserte avsetjingar  
 Netto utlån til kundar

2.651.574	2.411.772	2.224.845
993	899	1.908
-26.808	-31.326	-31.892
-16.756	-14.006	-11.506
<b>2.609.003</b>	<b>2.367.339</b>	<b>2.183.355</b>

## KAPITALDEKNING

	31.12.11		31.12.10		31.12.09	
	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav	Berekningsgrunnlag	Kapitalkrav
Lokale og regionale styresmakter	516	41	0	0	4.227	338
Institusjonar	65.217	5.217	76.950	6.156	51.576	4.126
Føretak	579.288	46.343	523.845	41.908	524.152	41.932
Massemarked	0	0	0	0	0	0
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	766.336	61.307	708.667	56.693	670.208	53.617
Forfalne engasjement	66.539	5.323	74.489	5.959	91.547	7.324
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.998	880	5.995	480	0	0
Andelar i verdipapirfond	7.445	596	14.739	1.179	30.416	2.433
Andre engasjement	316.692	25.335	272.015	21.761	215.150	17.212
<b>Sum kredittrisiko</b>	<b>1.813.031</b>	<b>145.042</b>	1.676.700	134.136	1.587.276	126.982
Operasjonell risiko	126.838	10.147	121.862	9.749	114.100	9.128
Frådrag for gruppevise nedsrivingar	-16.756	-1.340	-14.006	-1.120	-11.506	-920
Frådrag for ansvarleg kapital i andre finansinstitusjonar	0	0	0	0	-208	-17
<b>Samla kapitalkrav</b>	<b>1.923.113</b>	<b>153.849</b>	1.784.556	142.764	1.689.662	135.173
 Innbetalt aksjekapital	 9.500		 9.500		 9.500	
- eigne aksjar	-15		-6		-12	
Annan eigenkapital	257.272		246.337		227.501	
Fondsobligasjonar	34.440		35.000		0	
- utsett skattefordel	0		-2.386		-5.330	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		-104	
<b>Sum kjernekapital</b>	<b>301.197</b>	<b>15,66</b>	288.445	16,16	231.555	13,70
 Fond for unrealiserte verdiendringar	 9.914		 0		 0	
Innbetalt tidsavgrensna ansvarleg kapital	50.000		50.000		25.000	
Frådrag for ansvarleg kapital i andre institusjonar	0		0		-104	
<b>Sum tilleggskapital</b>	<b>59.914</b>	<b>3,12</b>	50.000	2,80	24.896	1,47
 Sum ansvarleg kapital	 <b>361.111</b>	 <b>18,78</b>	338.445	18,97	256.451	15,18

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital ved inngangen til året	<b>31.12.11</b>	31.12.10	31.12.09
Prinsippendring pensjon 2009	280.685	268.154	220.649
Utbetalt utbytte førre år	0	0	-2.324
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	-4.940	-4.750	-4.750
Kjøp / sal eigne aksjar	89	-4.062	0
Resultat i perioden	-217	178	-3
Overgang til IFRS pr. 01.01.10	17.305	21.165	23.416
<b>Eigenkapital ved periodeslutt</b>	<b>292.922</b>	<b>280.685</b>	<b>268.154</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalingar		Alle tal i heile NOK 1.000
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalingar	<b>31.12.11</b>	31.12.10 31.12.09
Andre innbetalingar	143.318	122.639 129.954
Driftsutbetalingar	-69.397	-60.886 -67.592
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	3.586	7.365 2.740
Utbetalt utbytte	-40.848	-33.407 -35.056
Betalte skattar	754	140 119
<b>Tilført frå verksemda</b>	<b>-4.940</b>	<b>-4.750</b> -3.420
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	<b>-5.491</b>	<b>-8.662</b> -7.931
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	<b>26.982</b>	<b>22.439</b> 18.814
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kreditinstitusjonar	-245.550	-190.224 -133.270
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgeld	170.564	159.455 45.425
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	0	0 0
Auke (-) / reduksjon (+) i kortstiktige verdipapir	69.191	-50.000 170.000
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kreditinstitusjonar	-37	1.744 -1.764
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-31.732	-67.356 -195.143
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	0	0 0
Auke (-) / reduksjon (+) i eigne aksjar	1.701	951 -79
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>	<b>0</b>	<b>60.000</b> 0
Investert i varige driftsmidlar	<b>-217</b>	<b>181</b> -3
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	<b>-36.080</b>	<b>-85.249</b> -114.834
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	-9.155	-1.400 -7.713
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>	<b>0</b>	<b>0</b> 0
Netto endring likvidar	117.442	38.544 -86.450
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	<b>108.287</b>	<b>37.144</b> -94.163
<b>Likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>99.189</b>	<b>-25.666</b> -190.183
	<b>91.697</b>	<b>117.363</b> 307.546
	<b>190.886</b>	<b>91.697</b> 117.363

### Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar	164.680	75.348	109.290
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	26.206	16.349	8.073
<b>Sum likviditetsbeholdning ved periodeslutt</b>	<b>190.886</b>	<b>91.697</b>	<b>117.363</b>

## AVSTEMMING MOT TIDLEGARE REKNESKAPSPrINSIPP

<u>Avstemming eigenkapital 31.12.2010</u>	<i>Alle tal i heile NOK 1.000</i>	
<b>NGAAP</b>	<b>Eigenkapital 31. desember 2010</b>	<b>255.831</b>
<u>Effekt av overgang til IFRS</u>		
Obligasjoner til verkeleg verdi	-194	
Aksjar til verkeleg verdi	7.973	
Endring utsett skatt	-4.644	
Finansielle derivat	-400	
Endring bokført verdi bankbygning	19.585	
Endring amortisering underkurs innlån	-213	
Endring pensjonsforpliktning	-2.295	
Tilbakeført avsatt utbytte	4.940	
Ansvarleg lånekapital	102	
<u>Sum overgangseffekt</u>	<u>24.854</u>	<u>24.854</u>
<b>IFRS</b>	<b>Eigenkapital 31. desember 2010</b>	<b>280.685</b>

<u>Avstemming resultat 4. Kvartal 2010</u>	<i>Alle tal i heile NOK 1.000</i>	
<b>NGAAP</b>	<b>Arsresultat 4. Kvartal 2010</b>	<b>4.959</b>
<u>Effekt av overgang til IFRS</u>		
Obligasjoner til verkeleg verdi	1.260	
Aksjar til verkeleg verdi	56	
Endring utsett skatt	-23	
Endring bokført verdi bankbygning	-62	
Endring amortisering underkurs innlån	66	
<u>Endring pensjonsforpliktning</u>	<u>-150</u>	<u>-150</u>
<u>Sum overgangseffekt</u>	<u>1.147</u>	<u>1.147</u>
<b>IFRS</b>	<b>Totalresultat 4. kvartal 2010</b>	<b>6.106</b>

Bakgrunnen for endringar i eigenkapital og resultat er forklart i eit eige offentleggjort overgangsdokument.